



**VEDTEKTER  
FOR  
Sogn og Fjordane Fondet AS**

Vedtekne på skipingsmøte den 9.januar 2017.

**§ 1      Namn på selskapet**

*Selskapet sitt namn er Sogn og Fjordane Fondet AS.*

**§ 2      Føremål**

*Føremålet til selskapet er eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/ eller i ein tidlig utviklingsfase. Selskapet skal stimulere og styrke framvekst av idear frå forsking, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane.*

*Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.*

**§ 3      Forretningskontor**

*Selskapet sitt forretningskontor er i Sogndal kommune.*

**§ 4      Selskapet sin aksjekapital**

*Aksjekapitalen er NOK 240.000,- fordelt på 240 aksjar à NOK 1.000,- fullt innbetalt og lydande på namn.*

**§ 5      Leiing**

*Styret består av 3 til 7 medlemmer etter nærmare avgjerd i generalforsamlinga.*

*Selskapet blir teikna av styret sin leiar og dagleg leiar i fellesskap, eller ein av desse og eit styremedlem.*

*Alle investeringar som er i tråd med selskapet sitt føremål skal ha  $\frac{3}{4}$  fleirtal i styret for å vere gyldig.*

*Styret kan meddele prokura.*

*Selskapet skal ha ein dagleg leiar.*

**§ 6      Generalforsamlinga**

*På ordinær generalforsamling skal følgjande handsamast:*

1. *Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, her medrekna utdeling av utbytte.*
2. *Andre saker som etter lova eller vedtekten høyrer inn under generalforsamlinga.*

**§ 7      Registrering av aksjeeigarar**

*Aksjeeigarar skal registrerast i aksjeeigarboka.*

**§ 8      Aksjelova**

*Elles vert det vist til ei kvar tid gjeldande aksjelov.*